

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 11.02.2016

Gustav Bahus (Frp) sette fram slikt forslag:

"Endring i punkt 1:

Fylkesutvalet i Hordaland ser det som uheldig at det ikkje er gjennomført ei konsekvensanalyse av moglege samfunnsmessige, økonomiske og miljømessige konsekvensar *og rår difor i frå at avgifta vert innført.*

Punkt 2 i fylkesrådmannen sitt forslag utgår."

Natalie Golis (MDG) sette fram slikt forslag:

"Nytt punkt:

Fylkesutvalet er positiv til innføringa av flypassasjeravgifta som eit effektivt og naudsynt strakstiltak i tråd med vedtatte mål i kutt i klimagassutslepp i Klimaplanen for Hordaland og nasjonalt. Av omsyn til moglege konkurransevridande, samfunnsmessige og økonomiske konsekvensar og pågående endringar i arbeidsmarknaden for heile fylket, ber fylkesutvalet om at det blir gjennomført ein konsekvensanalyse og grundig evaluering for tiltaket."

Geir Angeltveit (V) sette fram slikt forslag:

"Alternativt punkt 1:

Fylkesutvalet i Hordaland stiller seg positiv til tiltak i flytrafikken for å redusera klimagassutsleppa. Men ser det som uheldig at det ikkje er gjennomført ein konsekvensanalyse av moglege samfunnsmessige, økonomiske og miljømessige konsekvensar før avgifta vert innført.

Fylkesutvalet meiner dei best treffande og rettferdige tiltaka bør innførast. Fylkesutvalet støttar intensjonen og innføringa av ei flypassasjeravgift, men ber om at denne og andre klimatiltak vert tilpassa og utgreidd i framtida.

Punkt 2 som fylkesrådmannen sitt forslag."

Marthe Hammer (SV) sette fram slikt forslag:

"Alternativ til både punkt 1 og 2:

Fylkesutvalet ber om at konsekvensane av innføring av flypassasjeravgift blir evaluert i ettertid."

Nils Marton Aadland (H) sette fram slikt forslag:

"2. setning i punkt 1 blir endra: *Ei evt. innføring ...*

Punkt 2 går ut."

Aadland trekte forslaget sitt.

Svein Halleraker (H) sette på vegner av H, Sp, KrF og A fram slikt forslag:

"Endring i punkt 1:

Fylkesutvalet støttar intensjonen om innføring av ei eventuell miljøavgift, men ser det som uheldig at det ikkje er gjennomført ei konsekvensanalyse av moglege samfunnsmessige, økonomiske og miljømessige konsekvensar før avgifta vert innført. Innføringa av denne avgifta bør difor utsettast til etter at ei slik konsekvensanalyse er gjennomført.

Punkt 2 som fylkesrådmannen sitt forslag."

Røysting

Golis sitt forslag fekk 1 røyst (MDG) og fall.

Hammer sitt forslag fekk 2 røyster (SV, MDG) og fall.

Angeltveit sitt forslag fekk 1 røyst (V) og fall.

Bahus sitt forslag fekk 2 røyster (FrP) og fall.

Halleraker sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 4 røyster (SV, MDG, Frp).

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet støttar intensjonen om innføring av ei eventuell miljøavgift, men ser det som uheldig at det ikkje er gjennomført ei konsekvensanalyse av moglege samfunnsmessige, økonomiske og miljømessige konsekvensar før avgifta vert innført. Innføringa av denne avgifta bør difor utsettast til etter at ei slik konsekvensanalyse er gjennomført.
2. Innføring av den nye avgifta vil kunne få store konsekvensar for Stord lufthamn, som vil kunne miste ruteavgangar som følgje av nedgang i passasjergrunnlaget, og føre til dyrare flyreiser og eit dårlegare rutetilbod. I verste fall kan Stord lufthamn og Sunnhordland oppleve å stå utan flyrute til Oslo.